



JUBEL FOR BARN I JULI: (frå venstre): Avdelingsbibliotekar ved Hå folkebibliotek, Anette Madland, frivillighetskoordinator i Hå og leiar i Nærbø sanitetsforeining, Merethe Elin Kvía, Kulturskule-leiar Ragnvald Wernøe og barne- og ungdomsarbeidarar og nestleiar i Nærbø sanitetsforeining Annette Jensen Gimre. **BEGGE FOTO: MIKKJELL LØNNING**

Skal lage tidenes sommar for born i Hå

Nærbø sanitetsforeining har fått 100.000 kroner til prosjektet «Barn i juli», eit inkluderende gratisarrangement som går frå 1. til 24. juli i regi av Hå kulturskule.

MIKKJELL LØNNING
mikkjell.lønning@jbl.no

- Me er kjempestolte over dette, seier Ragnvald Wernøe, leiar for Hå kulturskule.

Sola strålar, og det same gjer dei fire som sit oppstilt på planen til Hå folkebibliotek. Planane om å arrangere eit gratis aktivitetstilbod for born i Hå har nemleg fått 100.000 kroner i støtte frå Gjensidigestiftelsen.

Frå første juli vil Kulturskulen, Hå frivillighetsentral og Nærbø sanitetsforeining vere med på å sette opp kjekke tilbod for ungar som skal byrje i 4.-klasse til hausten, til og med dei som startar i 7.-klasse.

- Tanken er at me set opp telt. Det skal vere litt tivoli, sirkus og fargar, fortel Wernøe.

Det leggjast til rette for enkel servering, og blant anna dans, quiz, allsong og høgtlesing.

Fleksibel ordning

Måndagar skal dei vere på Nærbø, ved biblioteket. Tysdagar tar dei turen til Varhaug ved rådhuset, og onsdagar skal dei vere utfor SeMeg-stasjonen på Vigrestad. Torsdag held dei seg ved biblioteket på Ogna, og fredagar skal dei vere i hamna i Sirevåg.

Dette skjer frå klokka 12.00 til 15.00 kvar dag frå 1. til og med 24. juli. Det er fri inngang for born i målgruppa, og ein treng ikkje melde seg på.

- Me skal ha eit stort hovudtelt, og eit lite bibliotektelt for seg sjølv. Når ungane kjem må dei registrere seg, slik at me veit kven som er der. Så er det jo dette med vêrforhold. Me har ein backup, men me tar det som det kjem, seier Wernøe.

- Kulturskulen har tilsett unge vaksne som er gode på dans og musikk. Samstundes har alle vore oppmoda til å vere fleksible, dersom folk ikkje vil danse og slikt. Me kan spele



TILRETTELAGT TILBOD: Kulturskule-leiar Ragnvald Wernøe ønskjer å leggje til rette for behova til borna i størst mogleg grad. Dei som driv aktivitetane er difor instruerte til å vere fleksible.

ludo, ein kan hente fram ukulelen, ha quiz, og me skal ha høgtlesing.

Vil skape leselest

Biblioteket er med for å oppmode borna til å lese, og ungane kan få låne bøker og lydbøker som dei vil. Ein lesekonkurranse, tufta på mekanismar i spel, skal engasjere ungane.

Det blir òg mogleg å hente bøker på biblioteka i løpet av sommaren.

- Forsking har vist at leseferdigheitene til born dalar veldig gjennom sommaren, og det tar gjerne lang tid før dei er fullt tilbake. Me har difor ein digital lesekampanje, der borna kan oppnå digitale lesestrefé. Dette får dei av å lese ulike sjangrar

eller så og så mange sider. Deretter kan dei hente premiar på biblioteket når dei kjem til nivå 10, 20 og 30, fortel Anette Madland, avdelingsbibliotekar ved Hå folkebibliotek.

Temaet for konkurransen er «djupt vatn», og alle som kjem til nivå 40 vil vere med i ei ekstra trekning av ein fin premie.

Unntak frå smittevernsreglar

Ved eit liknande arrangement i fjor, kom det mellom 14 og 49 ungar på dei ulike dagane. No som koronapandemien har ført til ei rekkje tiltak for smitteredusering, har dei fokus på tryggleiken. Det er likevel slik at regelen om éin meter avstand ikkje gjeld for denne type arrangement.

- Regjeringa har sagt at kulturskular eller sommarleiarar som driv aktivitetar for born opp til 20 år, er gitt unntak for regelen om éin meter avstand. Det gjer alt lettare for oss. Me skal framleis ta omsyn og skrive opp kven som er der, seier Wernøe.